




# Vintersolkverv



**Vintersolkverv** er dagen der perioden med dagslys er kortast. På den nordlege halvkula er det vintersolkverv 21. eller 22. desember, og etter den dagen vert perioden med dagslys lengre for kvar dag. I mange kulturar er det vanleg å feire vintersolkverv for å markere at det går mot lysare tider.

Lytt til songen «Mot jol» med tekst av L.F. Hov, til dømes innspelinga til Sigrid Moldestad (finst på YouTube, Spotify og Tidal). Første verset er slik:

Kaldt og mørkt og lite sol,  
såleis er det fram mot jol.  
Snø og is all jorda gøymer.  
Allting ligg i lengt og drøymer.

Skriv eit moderne haikudikt der du let deg inspirere av vintersolkverv eller «Mot jol». Haiku er ei diktform med tre korte linjer med 5-7-5 stavingar. Det første ordet skal assosierast med årstida vinter. Ver konkret, bruk gjerne eit kontrastord. Ver avslappa og tenk enkelt. Skriv i no-tid.

Til dømes: Du vintersolkverv / Du kjem medan vi ventar / Alt i lengt drøymer

## Illustrer diktet

Det finst mange måtar elevane kan illustrere diktet på. Her er to framlegg:

- 1 Elevane kan ta eit digitalt vinterbilete. Bruk til dømes appen Clips. Skriv haikudiktet digitalt på biletet i ei estetisk utforming. Set saman til ei klasse- eller skuleframvising.
- 2 Skriv diktet ditt for hand eller digitalt på eit A5-ark. Teikn eit lite bilete, inspirert av vintersolkverv, songen eller diktet ditt, med blyant på eit A6-ark. Mal med vassfargar. Teikn over med svart tusj penn. Lim på eit farga ark i storleik A3 som rammar inn biletet og diktet ditt. Still ut i klasserommet eller på skulen.